



**Ullensvang
kommune**

Innkommne merknader etter planoppstart

Detaljreguleringsplan for Odda Folkebad, planID 46182023001



Fra: [Kleppe, Sigbjørn](#)
Til: [Hanne Tvester Åmdal](#)
Emne: Re: Varsel om oppstart av planarbeid for Odda Folkebad, plan ID 46182023001, i Ullensvang kommune
Dato: 26. juni 2023 12:46

Hei!

Brannsjefen i Ullensvang viser til teknisk forskrift (TEK17) § 11-17 tilrettelegging for rednings- og slokkemannskap, blant anna med krav til tilkomst og slokkevann, og forutsetter at dette blir tatt inn i det videre arbeidet.

Helsing

Sigbjørn S Kleppe
Brann og redningssjef

+47 97558616

www.ullensvang.kommune.no



Dette er ikkje ei privat e-postadresse; både inn- og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Husk at brannbilen trenger minst 3 meter bredde- hele døgnet!

man. 26. juni 2023 kl. 11:52 skrev Hanne Tvester Åmdal <hanamd@hrpas.no>:

Vi varsler med dette oppstart av planarbeid for Odda Folkebad, plan ID 46182023001, i Ullensvang kommune. Frist for innsending av innspill er **11.august 2023**



Hanne Tvester Åmdal

Arealplanlegger

Arkitektur, rådgivning og prosjektering

Phone +47 99 39 58 29

Sentralbord +47 46 80 55 55

Email hanamd@hrpas.no

Web www.hrpas.no

Arkivseksjonen

Dokumentdato
29.06.2023

Vår referanse
2022/19236 THMO

Vår saksbehandlar
Monica Drage Thorbjørnsen

Dykkar dato

Dykkar referanse
46182023001

HRP AS
Att.Hanne Tveter Åmdal
Dronning Eufemias gate 16
0191 OSLO

Automatisk tilbakemelding - Varsel om oppstart av planarbeid for Odda Folkebad - Ullensvang kommune

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som råkar følgjande område:

- Verksemder som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemder
- Transport av farleg gods
- Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltaren si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.

Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.

Vi viser elles til www.dsb.no for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemder.

Med helsing
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Erik Vesterhus Rasmussen
seksjonssjef

Monica Drage Thorbjørnsen
Arkivar

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

Postadresse
Direktoratet for
samfunnssikkerhet og beredskap

Besøksadresse
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

Telefon
33 41 25 00

Telefaks
33 31 06 60

Organisasjonsnummer
974 760 983

Postboks 2014
3103 Tønsberg

E-post
postmottak@dsb.no

Internett
www.dsb.no

Fra: [Magerøy, Ingeborg](#)
Til: [Hanne Tvester Åmdal](#)
Emne: Odda Folkebad - Reguleringsplan - Plan ID 46182023001 - Varsel om oppstart av planarbeid - Svar om rett saksgang
Dato: 3. juli 2023 12:48
Vedlegg: [image002.png](#)

Hei,

vi har motteke ovanfornemde varsel om oppstart av planarbeid.

Det er fylkeskommunen som representerer kulturminneforvaltninga i saker etter plan- og bygningslova.

Riksantikvaren vil berre uttale seg på førespurnad frå fylkeskommunen, og då direkte til fylkeskommunen, dersom planarbeidet kan få verknad for kulturminne som Riksantikvaren har fyrstelinjansvar for. Eventuelle merknader frå direktoratet vil bli innarbeidd i fylkeskommunen si uttale.

Vi legg til grunn at varselet også er sendt til Vestland fylkeskommune.

Venleg helsing

Ingeborg Magerøy
seniorrådgjevar
Kyrkjeseksjonen
+47 91727523

Riksantikvaren
Direktoratet for kulturminneforvaltning
Dronningensgate 13, 0116 Oslo



Fra: Hanne Tvester Åmdal <hanamd@hrpas.no>

Sendt: mandag 26. juni 2023 11:52

Emne: Varsel om oppstart av planarbeid for Odda Folkebad, plan ID 46182023001, i Ullensvang kommune

Det er ikke ofte du mottar e-post fra hanamd@hrpas.no. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Vi varsler med dette oppstart av planarbeid for Odda Folkebad, plan ID 46182023001, i Ullensvang kommune. Frist for innsending av innspill er **11.august 2023**

Hanne Tvester Åmdal



HRP AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Nicolas J. I. Rodriguez, 5557 2184


Fråsegn til oppstartsmelding - Ullensvang - Odda folkebad - planID 46182023001 - detaljreguleringsplan

Vi viser til brev 27.06.2023 frå HRP AS. Det blir varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid for Odda folkebad. HRP AS er fagkonsulent og engasjert av Ullensvang kommune i samband med planarbeidet. Høyringsfristen for oppstartsvarselet er sett til fredag 11. august 2023.


Bakgrunn

Forslag til planavgrensinga viser eit areal på om lag 7,5 daa. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ei utviding av Odda folkebad. I planarbeidet vil ein samstundes vurdere parkeringsløyningar i området med tanke på både folkebadet og eksisterande bustadområde. Det vil bli sett på om det er råd å etablere parkeringsløyning på sørsida.

I oppstartsmeldinga blir det vist til at ein ønskjer å vidareføre eksisterande bygg for folkebadet og utvide dette. Det gamle helsehuset skal innarbeidast som ein del av folkebadet. I planinitiativet blir det vist til «Volum og byggehøyder på eksisterande bygg skal i hovudsak videreføres slik de er i dag. Det skal sees på mulighetene for å utvide bygget mot sør. I utgangspunktet skal utvidelsen skje som en utendørsdel, uten tak. Påbygget vil tilpasset til nivået på det innvendige bassenget. Utvidelsen vil derfor få en vesentlig lavere byggehøyde enn eksisterende bygg».



Oversiktsplan frå tidlegare skisseprosjekt/ moglegheitsstudie



Planavgrensing

Vurdering og merknader

Utgreiingsnivå

Forslagsstillar har vurdert om planforslaget utløyer krav om konsekvensutgreiing, og har kome fram til at planforslaget ikkje fell inn under tiltaka nemnt i vedlegg I og II i konsekvensutgreiingsforskrifta. Det er også forslagsstillar si vurdering at planforslaget ikkje har vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planforslaget må likevel oppfylle dei ordinære utgreiingskrava som følgjer av plan- og bygningslova.

Planstatus

Det aktuelle arealet inngår i arealdelen til kommuneplanen for Odda kommune 2007-2019 (KPA, vedtatt 18.12.2007). I KPA er arealet innanfor planavgrensinga sett av til bustadområde og hovudveg. I retningslinjene for byggjeområda i KPA så skal tidlegare vedtekne «vedtekne kommunedelregulering- og bebyggelsesplanar» framleis gjelde. Innanfor føreslått arealavgrensing inngår også fire reguleringsplanar: reguleringsplan Bygda (Nasjonal arealplanid: 4618_12281976003, ikraftsetjing: 05.08.1976), reguleringsplan for Smelteverkstomta Sør (Nasjonal arealplanid: 4618_12282008003, ikraftsetjing: 29.10.2008), reguleringsplan for Odda sentrum (Nasjonal arealplanid: 4618_12281986006, ikraftsetjing: 31.03.2010) og områdeplan for Odda sentrum (Nasjonal arealplanid: 4618_12282015003, ikraftsetjing: 28.09.2016).

I samfunnsdelen 2020-2032 for Ullensvang kommune er det eit mål at alle tettstadane skal ha oppdaterte sentrumsplanar. Planstrategien for Ullensvang kommune 2020-2024 estimerer oppstart for sentrumsplan Odda til 2026. Ullensvang kommune arbeider for tida med ei rulling av arealdelen til kommuneplanen. Planavgrensinga utgjer eit mindre del av sentrum i Odda, men planarbeidet bør vurderast i lys av rullinga av overordna plan og eventuell framtidig sentrumsplan for Odda.



Samfunnstryggleik og beredskap/ ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi viser m.a. til Kommunal- og distriktsdepartementet rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» og til Meld. St. 5 (2020-2021) Samfunnssikkerhet i en usikker verden der det i sistnemnde m.a. står:

«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko».

Og vidare:

«Ved behov må akseptabel risiko avklares med overordnet instans.»

I planinitiativet blir det vist til følgjande tema som skal belyst: trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper, planområdet ligg under marin grense, planområdet ligg innanfor aktsemdsone for snøskred og rett nord for planområdet er det ein etablert bensinstasjon.

Vi tilrår å involvere brannsjef/lokalt brannvesen og relevante nødetatar så tidleg som mogleg i planprosessen, for å sikre lokale brann- og redningsfaglege vurderingar og ev. behov for nye beredskapstiltak i/for kommunen.

Odda sentrum er i radonkart frå Norges geologiske undersøkelse merka av med «høg aktsemd». Vi føreset at dette er eit tema i ROS-analysen, og at ein tek omsyn til dette i planarbeidet.

Energi og samordna arealpolitikk

I planinitiativet blir det mellom anna vist til at trafikkforhold, parkeringsanalyse og kartlegging av offentleg parkering vil vere ein del av planarbeidet. Planarbeidet må ta omsyn til statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Planretningslinjene skal som kjent leggjast til grunn for planarbeidet, jf. pbl. § 6- 2. Teknisk infrastruktur (VA-system), energikjelder, energibruk, trafikksituasjon i planområdet, trafikkløysingar, forventa bruk av tilbodet, estimat for passasjertrafikk og mål for sentrumsutviklinga må vurderast i samband med planarbeidet.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga. Alle planar skal fremme folkehelse og



motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Vi viser til at kommunen skal ha oversyn over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne, jf. folkehelselova § 5. Vi føreset difor at folkehelse inngår som tema i planarbeidet. Til dømes skal bassengbadforskrifta (FOR-1996-06-13-592) sikre brukarane av badeanlegg, bassengbad og badstove tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold, og bidra til å hindre ulukker. Det er relevant å leggje forskrifta til grunn også i planutforminga.

Barn og unges interesser

Plan- og bygningslova §§ 1-1 og 5-1, og Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146) har føringar for at barn og unge får medverke. Kommunestyret skal også velje eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. kommunelova § 5-12. I planarbeid er det såleis viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sine synspunkt, ønskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premissar. Barn og unge er viktige informantar til korleis areal blir brukt. Sjå gjerne også rettleiar om barn og unge i plan og byggesak frå Kommunal- og distriktsdepartementet (09.11.2021):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rettleiar-om-barn-og-unge-i-plan-og-byggesak/id2885953/>

Det er viktig å leggje vekt på at bustadareal og oppvekstområde har god bu- og miljøkvalitet for barn og unge, og at det t.d. er tilstrekkeleg sikra mot støy, trafikkfare og helsefare. Planarbeidet må gjere nærare greie for korleis omsynet til barn og unges interesser er ivaretatt.

Planavgrensinga inneheldt ein del grønstruktur, t.d. areal som er sett av til friområde og park i reguleringsplan Bygda. I samband med dette viser vi til rettleiar M100-2014 «Planlegging av grønstruktur i byer og tettsteder» frå Miljødirektoratet:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M100/M100.pdf>

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027, punkt 25, blir det vist til at «Det blir sett av tilstrekkelege areal av god kvalitet til grønstruktur, uterom og møteplassar som stimulerer til fysisk aktivitet, naturoppleving og sosialt fellesskap, samtidig som byar og tettstader blir utvikla gjennom fortetting og transformasjon». Arbeidet med detaljreguleringsplanen bør vurderast overordna for tettstadsutviklinga, og med omsyn til bukvalitet og samla verknader for den langsiktige grønstrukturen i Odda sentrum.

Universell utforming

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, punkt 27, viser til at «Det blir lagt til rette for trygge skulevegar og aktivitetsvenlege nærmiljø med varierte tilbod for lek og opphald for ulike aldersgrupper. Deltaking i samfunnet for flest mogleg blir sikra gjennom universell utforming av nye bygningar og uteområde». I planinitiativet blir det vist til at forslagsstillar vil leggje til grunn prinsippet om universell utforming og tilgjengelegheit for alle i planarbeidet.

Vi viser elles til ressursida om universell utforming på heimesidene til Kommunal- og distriktsdepartementet: https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/universell_utforming/id2815007/



Støy

Det føreslåtte planarealet ligg innanfor eit etablert bustadområde. Vi føreset at planarbeidet tek omsyn til støyfølsame bygg og at det blir lagt til grunn i arbeidet med detaljreguleringsplanen.

Vi viser til T-1442/2021 «*Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*». Verknader av støy for bustader og uteområde i influens- og planområdet i samband med ei utviding av folkebadet og framtidig parkeringsløyising må vurderast. Det må takast omsyn til bygg- og anleggsfase og verknader for kringliggjande busetnad og uteområde, og det må takast omsyn til verknader av eit utvida anlegg i drift.

T-1442/2021: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/id2857574/>

Oppdatert rettleiing til retningslinja (mars 2023), M-2061 frå Miljødirektoratet: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/stoy/for-myndigheter/veileder-om-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/>

Masseforvaltning

Vi føreset vidare at det i planarbeidet blir føretatt ei berekraftig tilnærming til spørsmålet om massehandtering der dette er relevant, og at det blir utarbeidd massehandteringsplan. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse i utbyggingsprosjektet, jf. punkt 44 i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

Medverknad

Alle som fremjar eit planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. I planinitiativet blir det vist til at ein vil halda brukarmøter med viktige interessentar. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging. Etter kommunelova § 5-12 skal kommunen også ha eit ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing – vi føreset at det også vert henta inn synspunkt og råd frå desse utvala i samband med planarbeidet.

Vi føreset også at planarbeidet blir gjort kjent for barne- og ungdomsrepresentanten i Ullensvang kommune, jf. plan- og bygningslova § 3-3.

Avsluttande merknader

Dersom dei momenta som vi har trekt fram vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Statsforvaltaren kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn.

Vi ønskjer dykk lukka til med planarbeidet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Nicolas J. I. Rodriguez
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Uttalelse til reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med på å danne grunnlag for videre behandling i kommunen.

Uttalelsen gjelder:

Navn på reguleringsplan:

Planident:

Kommune:

Forslagsstiller:

Navn:

Organisasjonsnummer:

Plankonsulent:

Navn:

Organisasjonsnummer:

Varsel er mottatt av:

Navn:

Telefonnummer:

E-post:

Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
<input type="text"/>	<input type="text" value="59"/>	<input type="text" value="122"/>
Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
<input type="text"/>	<input type="text" value="59"/>	<input type="text" value="123"/>
Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
Smelteverket 35	<input type="text" value="59"/>	<input type="text" value="125"/>
Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
<input type="text"/>	<input type="text" value="60"/>	<input type="text" value="129"/>
Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
<input type="text"/>	<input type="text" value="60"/>	<input type="text" value="130"/>

Adresse:

Bygdarbøen 2

Gårdsnr.:

60

Bruksnr.:

189

Adresse:

Røldalsvegen 46

Gårdsnr.:

60

Bruksnr.:

312

Uttalelse:

Du kan skrive din uttalelse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Syner til punkt 7.2 i Planinitiativ - Detaljregulering for Odda Folkebad. Plan ID 46182023001. Vedrørende regulering av parkeringsplass på grøntområde inn mot gnr.60 bnr.139. Her må det regulerast inn eit areal på 10 meter x 25 meter for parkering til Røldalsvegen 50. Arealet bør plasserast tett opp til gnr.60 bnr. 139 og erstatter tapt areal i samband med endring/omlegging av Rv 13

Signert av

BIRGIT SVENDSEN SKULBRU på vegne av ULLENSVANG
KOMMUNE

04.07.2023

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

04.07.2023 14:19:51 AR559639155

04.07.2023 14:19:51 AR559639155



Statens vegvesen

HRP AS
Dronning Eufemias gate 16

0191 OSLO

Behandlande eining: Transport og samfunn Sakshandsamar/telefon: Kurt Kåre Skagen / 57655796 Vår referanse: 23/123929-2 Dykkar referanse: Hanne Tveter Åmdal Vår dato: 11.08.2023

Reguleringsplan for Odda folkebad i Ullensvang kommune – Plan ID 46182023001

Vi viser til brev datert 20.06.23.

Saka gjeld

Planarbeidet skal gi grunnlag for utviding av Odda Folkebad. I tillegg er det ønske om fleire parkeringsplassar knytt både til badet og nærliggande bustader.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikkisikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Statens vegvesens rolle i denne saka er som forvaltar av riksveg og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Vi vurderer lokalisering av badeanlegget i sentrum av Odda med nærleik til ny kollektivterminal som god.

Konkrete innspel til planarbeidet

Parkeringsplassar for bil er eit sentralt tema i denne planen. Det er difor viktig å gjennomføre ei grundig parkeringsanalyse, slik som omtalt i planinitiativet, kap. 7.6.

Den kommunale vegen Bygdarbøen tek av frå rv. 13 ved Odda Folkebad. Trafikk til folkebadet og mange av bustadane i sør går gjennom dette krysset med rv. 13. Som ein del av planarbeidet må kapasiteten i krysset vurderast. Det er tett mellom kryssa i Odda sentrum, og i dette aktuelle krysset er det ikkje plass til venstresvingfelt på grunn av nærleiken til andre kryss. Vi ønskjer difor ikkje auka trafikk i krysset, og vi er skeptisk til etablering av fleire parkeringsplassar ved folkebadet. For folkebadet bør all parkering, ut over nokre plassar for dei med spesielle behov, skje andre stadar. I staden for å ta i bruk grøntareal til parkering bør ein heller planlegge slik at parkering utanfor oppmerka plassar ikkje blir mogeleg.

Planområdet omfattar delar av rv. 13. Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

I samband med ny utbygging i tettstader/tett by vil vi framheve at det er viktig å ha fokus på trafikksikre løysningar for renovasjon og varelevering tidleg i planlegginga.

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og framkomst må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesen si [handbok V744](#).

Vi legg til grunn at vegteikningar for riksveg vert utarbeidde i samsvar med [Statens vegvesen sine handbøker](#).

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesen ber om å få vegteikningar for riksveg/kryss med riksveg tilsendt for gjennomsyn før planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi gjer merksam på at før andre enn Statens vegvesen kan utbetre/byggje ut riksvegstrekingar, kryss, avkøyrslar eller andre tiltak knytt til riksveg må det vere inngått ei gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og utbyggjar.

Statens vegvesen sin uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Konklusjon:

Statens vegvesen viser til våre innspel over og ber om at dei vert teke med i det vidare planarbeidet.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Kåre Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
ULLENSVANG KOMMUNE, Opheimsgata 31, 5750 ODDA

Emne: Innspel Reguleringsplan Røldalsvegen 50

Kopi: Marit Ystanes <marit.ystanes@ullensvang.kommune.no>

Til: Vetrhus, Wermund <wermund.vetrhus@ullensvang.kommune.no>, Viola Starr

<viola.starr@ullensvang.kommune.no>, Daniel Skognes Øyre

<daniel.skognes.oyre@ullensvang.kommune.no>

Sendt: 18.08.2023 10:21:51

Fra: Hammer, Per-Gunnar <per-gunnar.hammer@ullensvang.kommune.no>

Viser til vedlagt kart og ber om å få innarbeidd private parkeringsplasser til Røldalsvegen 50 i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Folkebadet.

helsing

Per-Gunnar Hammer


verksemdsleiar eigedom

mob.+4790716037

www.ullensvang.kommune.no



Dette er ikkje ei privat e-postadresse; både inn- og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.



HRP AS
Dronning Eufemias gate 16
0191 OSLO

Dato	22.08.2023
Vår referanse	2023/66860-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Liz Eva Tøllefsen
E-post	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Odda Folkebad - Ullensvang kommune

Vi viser til brev datert 27.6.2023 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Odda folkebad. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for en utvidelse av Odda folkebad. Oppstartsvarselet skildrar at dagens bygg skal i hovudsak beholdes, men få et tilbygg sør for dagens bygg. I tillegg skal det gjøres en vurdering av parkeringsløsninger i planområdet. Planområdet er avsatt til boligformål i gjeldende kommuneplan for Odda (2007-2019) og offentlig bebyggelse, offentlig friområde, park, kjøreveg og gang-/sykkelveg i gjeldende reguleringsplaner. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Planområdet ligg i Odda sentrum, og ei utvikling av folkebadet i balanse med omsyn til kulturminne og trafikale forhold vil kunne styrke regionsenteret Vossevangen som bo- og arbeidsknutepunkt i regionen.

Kulturminne og kulturmiljø

Planavgrensinga syner at planområdet ligg i ein sentral del av Odda, med omkringliggjande eldre bygningar og bymiljø, og nær på delar av det vedtaksfreda kulturminnet Odda Smelteverk. Planområdet ligg innanfor listeført kulturlandskap av nasjonal interesse i KULA-registeret. Odda folkebad har per i dag ingen formelt vern i gjeldande arealplan eller gjennom kulturminnelova. Tiltak på bygningen har verknadar på kulturminneverdien bygnaden har i seg sjølv, og på kulturmiljøet kring bygningen, som er eit rikt kulturmiljø med bygningar og strukturar i ein av Vestlandets viktigaste industristadar.

Slik tiltaket på folkebadet er skissert no, er det fyrst og fremst konsekvensane for bygninga som kulturminne i seg sjølv som er relevant frå eit kulturmiljøperspektiv. Tiltaket påverkar i nokon grad kulturmiljøet i og nær planområdet, ved at den er plassert sentralt i Odda og i ein samanheng med offentlege bygningar frå same tidsperiode som rådhus, bibliotek og brannstasjon, men det er endringar av bygnaden i seg sjølv som er det avgjerande for vurdering av omsyn til kulturminneverdiar. Hovudgrepet i planforslaget når det gjeld sjølv folkebadet er å føye til eit lågt bygningsvolum i front av folkebadet mot Bygdarbøen, slik at ein får plass til nye basseng og velværeavdeling.

Odda folkebad er ein svært karakteristisk bygning med eit gjennomarbeidd modernistisk uttrykk og volumoppbygging. Vår vurdering er at folkebadet har ein svært høg kulturminneverdi og er i regional samanheng relativt sjeldsynt godt bevart med ein rekkje bygningsdetaljar og opphavelag

materialbruk. Vi oppfattar det som uheldig at hovudgrepet er å føye til i front, fordi det er nettopp dette som i hovudsak definerer bygninga sin identitet med høge vindauge og betongribber som går frå gesims til sokkel, samt ein utkraga baldakin som delar den store glassflata mot gata i to. Ein tilføyning i front vil øydelegga den enkle volumoppbygginga og måten saltaket understrekar denne hovudforma.

Vi vil på sterkaste rå til at ein utforskar alternativ, ved til dømes utviding og tilføyning i mot vest eller mot bensinstasjon. Bygninga har ikkje formelt vern etter plan- og bygningslova, men vi vil understreke at gjeldande reguleringsplan er gamal og utforma i ei tid då modernismens historiske kvalitetar enno var lite anerkjent, og at Ullensvang ikkje har utarbeidd ein oppdatert kulturmiljøplan. Vi vil også gjere merksam på at det er fleire nivå av formelt vern og listeføring nær planområdet, og at planområdet er svært nær det vedtaksfreda kulturminnet Odda Smelteverk.

Det er positivt at noverande bruk vidareførast og at det er snakk om tilføyningar og ikkje nybygg, men vi er ikkje einige i forslagsstillars vurdering av at konsekvensane for dei historiske kvalitetane er minimale, dersom det er riktig forstått at ein planleggjar for utviding i front av eksisterende bygning. Vi vil derfor rå til at ein utarbeidar fleire konsept som kan vurderast opp mot kvarande og ulike måtar å tilpassa ein utviding til eksisterende bygning og staden.

Arkitektur og estetikk

Både bygningar, uterom og landskap må bli sett i ein arkitektonisk og estetisk samanheng, og folkebadet sine arkitektoniske kvalitetar som bygg og kulturminne bør vere del av den vidare utviklinga av tomta. Meir om dette under punktet kulturminne. Utvikling av offentlege ute- og innerom med aktiviserande og sosiale element, vil klårt kunne ha ein positiv verknad på folkehelse og bulyst.

Det bør sikrast god utforming med høg arkitektonisk kvalitet og varige material gjennom krav i føresegna. Fylkeskommunen ber om at det vert laga presise føresegner knytt til kontakt med gate-/byrom, samt etablering av gesims- og byggjehøgde, takform, materialkvalitet og terrengtilpassing. Vidare bør planen sikre gode rammebetingelser for romma mellom husa og for nær- og fjernverknad av bygningane.

Veg og infrastruktur

Vi har ingen innspel til oppstart knytt til veg, sidan planen ikkje omfattar interesser langs fylkesveg.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på arkitektonisk kvalitet og omsynet til kulturminnet Folkebadet. Førebelse skisser synar ei uheldig handtering av kulturminneverdiane bygget representerer, vi vil derfor rå til at ein utarbeidar fleire konsept som kan vurderast opp mot kvarande og ulike måtar å tilpassa ein utviding til eksisterende bygning og staden.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:
Peter Forras, seksjon for kulturarv
Eva Sundal, seksjon for veg og infrastruktur

Kopi til:

Ullensvang kommune

Opheimsgata 31

5750

ODDA